

Referat frå møte i fylkesbiblioteksjefkollegiet 09.03. kl 0830-1045 på The Edge 11. etg.

Til stades: Anne Berit Brandvold, *Østfold*, Cathrine Undhjem, *Akershus*, Målfrid Lille, *Telemark*, Britt Ellingsdalen, *Rogaland*, Trond Minken, *Buskerud*, Stine Qvigstad Jenvin, *Finnmark*, Øystein Stabell, *Oppland*, Anita Kulset, *Nordland*, Randi Nilsen, *Aust-Agder*, Anette Koch, *Møre- og Romsdal*, Hildegunn Hestnes, *Sør-Trøndelag*, Anita Varnes Evensen, *Vestfold*, Morten Olsen Haugen, *Nord-Trøndelag*, Karianne Aam, *Hedmark*, Birgit Larsen, *Troms*, Roger Dyrøy, *Vest-Agder*.

Til dagsorden:

Cathrine Undhjem sakna punktet "Gjennomgang av referat frå førre møte". Dette vart teke med.

Innkallinga bør ved seinare høve koma som eit vedlegg til e-posten for å letta arkiveringa i ulike arkivsystem.

Til eventuelt:

- Orientering frå strategisk råd om forhandlingane kring e-bøker, diskusjonen om avgrensing av prosjektmidlar kring søknadar vedrørande skulebibliotek.
- Kommunereformen

1. Gjennomgang av referat frå førre møte:

- Cathrine Undhjem opplyste om og delte ut analyse over tideling av arenaviklingsmidlar frå NB, fordelt på fylka (**vedlagt**). Dette analysearbeidet må halda fram.
- Birgit informerte om at Hordaland også arbeider med ei kartlegging av tildelinga av arenamidlane
- Hildegunn Hestnes ynskta at dei tabellane med oversyn over dei vanlege midlane som NB deler ut må bli betre. Samarbeidsprosjekt som går over fleire fylke vert førte på det eine, noko som gjev eit skeivt bilete. AU melder dette ynskjet vidare til NB.
- Under punktet "biblioteksøk" skal "restriksjonar " lesast som maskinlesbare restriksjonar.
- Under punktet "skolebibliotek" er det konkludert med at Fyb koll/(AU) gjer ein jobb her. Denne er ikkje gjort enno.
- Det bør vera ei arbeidsgruppe som ser på samarbeidet med skulane, også dette jamfør førre referat. Trond og Britt kan tenkja seg å sitja i denne gruppa. Det var også eit ynskje at Siri skal sitja i gruppa, sidan ho har jobba mykje med spørsmålet. Trond og Britt tek kontakt med Siri.

## 2. Tilgjenge til faglitteratur

- Dette er eit spørsmål som vart teke opp sist og under punktet "fjernlån" frå førre referat står det at Fybkoll/(AU) skulle ta problemstillingane med. AU ynskjer å setja ned ei arbeidsgruppe til å gjera denne jobben. Birgit og Karianne kan tenkja seg å sitja i denne gruppa.

## 3. Biblioteksøk

- Det er naudsynt at arbeidet med lånevegar/strukturar kjem i gang parallelt med at den tekniske løysinga vert utvikla. AU fylgjer opp NB for å få fortgang i arbeidet. Når arbeidet kjem i gang kan Fybkoll vera representert med Roger frå Agderfylka som har mykje røynslar med dette, samt ein repr. frå Nord-Noreg for å få ein frå eit område som ikkje har transportordning.

## 4. Kompetanseutvikling – korleis kan kollegiet arbeida med dette?

- Kollegiet bør jobba mot bibliotekutdanningane. Grunnutdanninga kan bli betre og vi kan påverka den.
- Vi bør kunna bestilla utdanningstilbod saman, som kan hende NB kan vera med og finansiera.
- Ein må også finna ut korleis ei slik undervisning skal gå føre seg, til dømes som e-læring eller som tradisjonell undervisning.
- Vi må fyrst finna ut kvar skoen trykkjer. Kva slags etter-/vidareutdanning treng bibliotekarane?
- Morten O. Haugen opplyste om at Trøndelag har saman søkt prosjektmidlar til noko slikt, og tinga utdanningstilbod til sine kommunar.
- Spennet på kva som trengs er vidt, frå dei som er nye i bibliotek og har null bibliotekkompetanse, til dei som har arbeidd i mange år og treng fagleg påfyll.
- AU må gjera ei kartlegging i kollegiet for å finna staus i dei ulike fylka, og ta dette med til neste møte. Det er ynskjeleg å informera kvarandre om studiepoenggjevande kurs som er gjennomført. Kompetanseutvikling må vera hovudtema på neste møte.

## 5. Eventuelt

- Birgit og Karianne gjekk gjennom det som var drøfta i Strategisk råd dagen før.
- Innkallinga til strategimøtet kom svært seint. Dette gjer førebuing til møta vanskeleg. Dei som møter i strategisk råd gjer det som representantar for kollegiet, og må be NB om å få dagsorden for strategimøta tidlig nok til at sakene kan drøftast med kollegiet før møta. (Offisielt referat frå møtet i Strategisk råd kjem seinare, difor vart det ikkje referert her.)
  - Saker frå strategimøtet det vart diskusjon kring i kollegiet:
    - I kor stor grad skulebiblioteka/skuleføremål har høve til å søkja prosjektmidlar
    - Biblioteksøk
    - E-bøker og forhandlingane kring desse
    - Konferansestøtte

- Det årlege møtet med NB er kort og på NB sine premissar. Det burde vore meir enn 4 timar langt. Vi bør invitera oss inn til NB til dømes når vi har noko konkret å diskutera med dei frå arbeidet i dei no nye arbeidsgruppene (sjå pkt.2)
- Vi bør formalisera eit samarbeid med Fylkeskultursjefkollegiet og etablera eit kontaktpunkt mot dette. AU'ane bør møtast.

Ein fekk diverre ikkje tid til å ta fleire saker med under eventuelt, og det var eit ynskje frå kollegiet at det må setjast av betre tid når kollegiet møtest. Gjerne med varighet frå lunch til lunch. Dette skal i alle høve bli gjennomført til hausten.

Referent: Roger Dyrøy